

**Frukostmøte 29. mars 2012**

## ***Statlege IKT-prosjekt: korleis sikre betre gjennomføring?***

**Tid:** 29. mars 2012 kl. 8.00–10.00

**Stad:** Akersgata 59, Auditoriet (R5)

Frukostmøte om utfordringar i statlege IKT-prosjekt. Risikoen for å mislykkast er stor. Kva kjenneteiknar prosjekt som lykkast? Vi ser på metodikken og styringa i statlege IKT-prosjekt, og spør: korleis kan vi sikre betre gevinstrealisering i statlege prosjekt?

### **Program**

07.45 Registrering og frukostservering

08.10 Velkommen ved Partnerforums sekretariat

08.15 *Erfaringer fra Prosjektveiviseren. Veien videre?*

**Jens Nørve**, prosjektleiar for Prosjektveiviseren.no/Difi

08.35 *Case: erfaringer og råd fra Helse Sør-Øst*

**Inger Marie Finborud**, spesialrådgiver i Helse Sør-Øst

08.50 *Kommentar* ved **Anne Live Vaagaasar**, førsteamanuensis ved Handelshøyskolen BI

09.20 Diskusjon. Diskusjonsleiar **Gry Hamarsland**, seksjonssjef ved Direktoratet for økonomistyring

10.00 Slutt

### **Bakgrunn – om seminaret**

Forskinga peikar på at risikoen for å mislykkast med IKT-investeringar er stor; heile 50–70 % av igangsette prosjekt leverer ikkje venta resultat. Mens prosjekt som lykkast, er kjenneteikna av god planlegging, tydeleg leiing og tett oppfølging, er offentleg sektor prega av stor variasjon i kompetanse og evne til å gjennomføre e-forvaltningsprosjekt.

Vi får ein presentasjon av Prosjektveiviseren.no, som blei etablert i 2009 for å bidra til å styrkje kvaliteten i offentlege IKT-prosjekt på tvers av sektorar og forvaltningsnivå. Kva seier Difi om erfaringane så langt? Helse Sør-Øst er invitert for å dele av sine erfaringar. Vi får deretter ein forskarkommentar frå Handelshøyskolen BI og avsluttar med ein diskusjon med høve til innspel frå salen.

### **Om bidragsytarane**

**Jens Nørve** er prosjektleiar for Prosjektveiviseren.no, og tilsett i Difi ved avdeling for IT-styring og samordning. Han arbeider med ulike prosjekt knytte til samarbeid og samhandling på tvers i offentleg sektor. Nørve har tidlegare jobba 7–8 år med IT-styring og koordinering i Telenor, bl.a. som direktør for "konsern IT-strategi" og "Compliance officer-IKT".

**Inger Marie Finborud** er spesialrådgivar i porteføljeverktøy og metode på avdelinga Teknologi og eHelse ved Helse Sør-Øst. Helse Sør-Øst har tatt i bruk prosjektverktøyet Clarity, og verktøyet gir høve til interaksjon mellom program, prosjektleiar og andre involverte. Verktøyet er ein del av eit felles, regionalt rammeverk for prosjekt, program og porteføljestyring (PPM). Finborud har leitt arbeidet med å ta i bruk PPM i regionen.



**Anne Live Vaagaasar** er førsteamanuensis i prosjektleiing ved Institutt for ledelse og organisasjon på Handelshøyskolen BI. Vaagaasar er ansvarleg for ulike program på Master of Management og Bachelor of Management i prosjektleiing ved BI. Ho underviser og forskar på ulike tema innanfor prosjektleiing knytte til prosjektorganisering og gjennomføring, og kunnskapsutvikling og læring i prosjektsamanheng. Vaagaasar arbeider no mellom anna med eit fireårig forskingsprosjekt om organisering av store offentlege prosjekt som blir gjennomført i samarbeid med Norsk Senter for Prosjektledelse, Statsbygg og Jernbaneverket.

**Gry Hamarsland** er seksjonssjef for samfunnsøkonomisk analyse og evaluering i Direktoratet for økonomistyring. Seksjonen har også ansvar for gevinstrealisering og statlege prosjekt. Før ho kom til DFØ, arbeidde ho ni år i Econ analyse med prosjekt som arbeidsform.

### [Prosjektveiviseren.no](http://Prosjektveiviseren.no)

Prosjektveiviseren.no er Difi sin rettleiar for betre samordning og styring av offentlege IKT-prosjekt. Han er utarbeidd i samarbeid med blant andre DFØ. Prosjektveiviseren er evaluert, og Difi jobbar no med eit forslag til ein ny, meir spissa og tydeleg modell. Den vil bli presentert og diskutert på møtet. Det vil verte demonstrert og delt erfaringar og metodar frå ei rekkje forskjellige, offentlege verksemder.

**Partnerforum** er eit samarbeid mellom Universitetet i Oslo, Handelshøyskolen BI og statleg forvaltning. Vi er 21 statlege partnarar som samarbeider om å lage faglege møteplassar om velferdsstatens utfordringar. Partnerforum lagar årleg til ca 12 fellesarrangement og eitt partnarseminar hjå kvar partnar. I fjor bidrog 96 innleiingar for over 1400 deltakarar.

